

Mann omkom i Nesfjellet

Den 81 år gamle mannen som var sakna etter ein skitur ved Nystølen i Nes, døydde på veg til Drammen sjukehus.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Mannen vart funnen klokka 00.40 natt til måndag, berre 500 meter frå hytta.

Då hadde han vore ute på tur sidan klokka 14 sundag. Mannen vart meldt sakna av familien litt før klokka 17. Då hadde han gått på ski frå Nystølkroken

kafe til hytta i Botstjernlia ikkje langt unna kring klokka 13.30.

- Då mannen vart meldt sakna, vart det sett inn store ressursar for å finne han. Luftambulansen og eit Sea King-helikopter var med i tillegg til mannskap frå Røde

Kors og sju hundar frå Norske Redningshunder, seier politi-overbetjent Jan Koldal ved Hol lensmannskontor.

Det var vindstille i området med lette snøbyer og fire minusgrader.

- Me veit ikkje kva som er år-

saka til at han ikkje kom tilbake til hytta, seier Koldal.

Etter at 81-åringen var funnen, vart det sett i gang med livreddande hjelp. Men livet stod ikkje til å redde. Han døydde i helikopteret på veg til sjukehuset i Drammen.

Meir styrtregn i vente

■ Varmerekorden i Nesbyen lever farleg

■ Klimaendringane vil merkast

Kortare vintrar og meir styrtregn. Det er berre å førebu seg.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

- Og det blir mindre snø, varmare og færre dagar med minusgrader, seier professor Asgeir Sorteberg.

Utsiktene er ikkje dei beste. Forskaren og professoren i meteorologi ved Universitetet i Bergen, med oppvekst i Nesbyen, leier for tida eit forskingsprosjekt om ekstremnedbør og flaum. Mens han står på flaumvernet i Nesbyen sentrum seier han: - Eg trur nesningane skal vere glade for at flaumvernet er bygd.

Flaumutsett

Heimbygda hans er flaumutsett. Nesflata ved Hallingdalselva ligg ofte under vatn i vårflaumen.

Ferske data som Meteorologisk institutt har utarbeidd for NRK viser at vêret i dei seks største byane her i landet har endra seg dramatisk dei siste femten åra.

- Eg trur ikkje Hallingdal blir sterkt flaumutsett. Når det gjeld dei store flaumane, trur eg ikkje det blir nokon stor forandring her. Eg ser ikkje for meg nokon stor krise for Hallingdalsvassdraget.

- Kvifor?

- Det er i dei områda der flaum skuldast regn det blir ein auke. Mens flaumen som kjem frå snøsmeltinga etter kvart blir redusert fordi det blir mindre snø. Det er snøsmeltinga som



VIKTIG VERN: Professor Asgeir Sorteberg står på flaumvernet i Gamle Nes. Det beskyttar Nesbyen sentrum mot Rukkedøla.

gjer at Hallingdalselva hevar seg. Men samtidig er ein del av flaumvatnet alt regulert vekk i Hallingdal.

Lever farleg

Sorteberg var invitert til eit ope møte i Nesbyen Rotary førre måndag der temaet var klimaendringane. Han samla fullt hus i kulturhuset Banken.

Sorteberg voks opp berre nokre steinkast frå målestasjonen til Meteorologisk institutt. Han legg ikkje skjul på at varme-

rekorden i Nesbyen på 35,6 grader lever farleg på grunn av klimaendringane.

- Fordi det blir varmare er det fare for at den ryk etter kvart. Men etter at målestasjonen er flytta trur eg ikkje Nesbyen tek den. Då skal det vere veldig varmt. Det seier noko om kor tilfeldig rekordar er. Men samtidig er det ingen tvil om at Nesbyen er den varmaste staden i landet. Det viser all statistikk, seier Sorteberg.

- Me ser starten på noko som

blir alvorleg dei neste hundre åra. Derfor må me støtte opp om tiltak som reduserer utslepp av drivhusgassar. Det er politikarane som tek avgjerda, men dei er avhengig av støtte frå folket.

Snøproblem

- Kva har skjedd i heimbygda di om 50 år?

- Då vil Nes ha lengre sommar, lengre vekstsesong, kortare vinter, mykje mildvær, fleire nedbørsdagar og kraftigare nedbør. No er det tre veker meir

med nedbør enn det var i 1898. Dette vil forsterke seg, seier han. For reiselivsregionen Hallingdal kan konsekvensane bli smertefulle.

- Det hjelper ikkje om det er snø i Hemsedal viss folk ikkje kan gå på ski fordi det ikkje er snø i byane der kundegrnlaget er. Folk må lære å gå på ski i nærleiken av der dei bur. Skiføret i påska kan også bli eit problem etter kvart. Det er områda som ligg høgt som vil tene på det, seier Asgeir Sorteberg.

MENY Hverdagen ER BEDRE MED MENY

Tilbudene gjelder fra mandag til onsdag Finn oppskrifter og tilbud på MENY.no eller i -appen!

 <div style="background-color: red; color: white; border-radius: 50%; width: 60px; height: 60px; display: flex; align-items: center; justify-content: center; margin: 0 auto;"> 24⁹⁰ </div> <p>ord.pris 45,90/pk</p> <p>Kjøttdeig 400g, storfe u/salt og vann (62,25/kg)</p>	 <div style="background-color: red; color: white; border-radius: 50%; width: 60px; height: 60px; display: flex; align-items: center; justify-content: center; margin: 0 auto;"> 12⁹⁰ </div> <p>ord.pris 17,00/stk</p> <p>Fiskekaker ca 100g, fra fiskedisken (129,00/kg)</p>	 <div style="background-color: red; color: white; border-radius: 50%; width: 60px; height: 60px; display: flex; align-items: center; justify-content: center; margin: 0 auto;"> 19⁹⁰ </div> <p>ord.pris 28,50/pk</p> <p>Kjøttpølser 450g, Gilde (44,22/kg)</p>	 <div style="background-color: red; color: white; border-radius: 50%; width: 60px; height: 60px; display: flex; align-items: center; justify-content: center; margin: 0 auto;"> 19⁹⁰ </div> <p>pr pose</p> <p>Poteter 2kg, Norge (9,95/kg)</p>
--	--	--	--

Vi tar forbehold om eventuelle trykfeil og prisjusteringer. Tilbudene gjelder 20.3.22.3.